

Sandviksbodene 3 A

Kulturminnedokumentasjon




Innhold

Sandviksbodene 3 A	3
Miljøskildring	3
Den bevarte bygningsdelen	4
Sandviksboder 3-4. Bygningshistorie	7
Kulturhistorisk kontekst: Sjøbodane i Sandviken	9
Historisk bakgrunn	9
Sjøbodarkitekturen	11
Vurdering	11
Kjelder	12
Fotodokumentasjon.....	13

Sandviksbodene 3 A-D er eit bustad- og kontorbygg, kalla *Lysthuset Sandviken*, i den sørlege delen av Sandviken i Bergen, ferdigbygd i 2014. I bygningen er ein del av sjøboden som tidlegare låg på same staden, Sandviksboder 3-4 (også kjent som Haukedalsboden), sett opp att. Denne bygningsdelen består av lafteveggene i den austlege delen av andre etasje. Tømmeret er dendrokronologisk datert til 1649, og det har restar av måla dekor av 1600-tals type. Dette er dei eldste, bevarte delane av ein sjøbod i Bergen, og mellom dei eldste kjente, ståande bygningsdelar av eit trehus frå dei norske byane.

Rapporten er utarbeidd i 2015 av Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, som vedlegg til fredingsforslaget for Sandviksbodene 3 A. Der ikkje anna er nemnt er foto tekne av Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavd.



Sandviksboder 3-4 (Haukedalsboden) under riving i 2008

Sandviksbodene 3 A


Miljøskildring

Sandviksbodene 3 ligg i den sørlege delen av Sandviken, eit kort stykke nord for Rothaugen. Denne framstikkande knausen dannar ei markant avgrensing av Sandviken mot sør. På den sørlege delen av flata mellom Sjøgaten og kaifronten ligg Slaktehusanlegget frå 1919 med fleire låge bygningskroppar av pussa mur og store takflater med raud tegl. Rett nordafor, på tomte etter dei tidlegare sjøbodane Sandviksboder 1, 2 og 3-4, ligg to nye kompleks med bustadar og kontorlokale, begge ferdigstilte i 2014: *Sandviken Sjøfront* nærast Slaktehuset (arkitektkontoret Rambøll), og *Lysthuset Sandviken* (Og arkitekter). I utforminga tek begge opp nokre hovudtrekk frå den tidlegare sjøbodbebyggelsen, med langstrakte volum med saltak, stilt vinkelrett på kaifronten. Elles er formspråket moderne: prepatinert kopar på tak og deler av veggene, felt med ståande trekledning, og ei moderne detaljering. Nord for *Lysthuset Sandviken* ligg Sandviksbodene 5, ein stor og utvendig godt bevart sjøbod som markerer byrjinga av det nokolunde samanhengande bevarte miljøet av sjøbodar i den midtre delen av Sandviksbukten. På motsett side av Sjøgaten ligg Fjære- eller Rosesmuggrenden som eit godt bevart miljø av små trehus frå 17- og 1800-talet.



Sandviksbodene 3 A sett frå aust. Til v. Sandviken sjøfront, til h. i bakgrunnen det samanhengande sjøbodmiljøet Sandviksbodene 8-23

Sandviksbodene 3 A-D består av to langstrakte bygningsvolum i tre etasjar med saltak, lagt etter kvarandre, men med litt ulik retning, med ei gangbru over mellomrommet mellom bygningane, og langs nordsida eit tilbygg med eit lågt pulttak. Dei bevarte delane av Sandviksboder 3-4 er sett opp att i andre etasje lengst aust i den austre bygningen (nr. 3 A). I eksteriøret er dette markert ved at austenden har eit anna, meir tradisjonelt formspråk, med liggande panel og småruta vindauge. Tømmeret er plassert mest mogleg tilsvarande slik det stod i den gamle boden. Som før ligg det i andre etasje, og omlag like høgt over bakken, men ca. fem m lenger mot søraust enn før. (Nordveggen i tilbygget ligg akkurat på same stad som nordveggen i sjøboden, men hovudvolumet med saltak er skyve litt mot sør.)




Andre etasje i Sandviksbodene 3 A-D. Aust til venstre. Teikning av Og arkitekter AS. Det bevarte tømmeret lengst til venstre

Den bevarte bygningsdelen

Den bevarte bygningsdelen består av laftevegger frå den austre delen av andre etasje i den gamle sjøboden: heile den ca. 10 m breie gavlveggen mot aust (vegg D-F), begge dei ytre langveggene i ca. 9 meters lengde (C-A og H-G), store delar av ein indre tverrvegg (B og I) ca. 3,5 m frå gavlveggen, og austenden av ein indre langvegg litt nord for midten av gavlveggen (E). Desse indre veggene dannar

eit komplett rom mot nordaust, eit delvis lukka rom i søraust, og mot sørvest og nordvest rom der berre to vegger er bevart. Mot vest ender begge langveggene i nova for ein opphavleg lafta tverrvegg; i sør er deler av novhovuda bevart og viser at dette har vore eit ytterhjørne, og at vestveggen også har vore ein yttervegg opphavleg. Vestenden av langveggene har opplengjer på begge sider. Desse er ikkje opphavlege, men vart laga av gamle materiale ved remonteringa.



Planskisse av dei bevarte lafteveggene. Aust til venstre. Teikning av Og arkitekter AS

Tømmeret er dendrokronologisk datert til 1649. Det er bevart i ei høgd av sju til åtte omfar, svarande til ei etasjehøgd. Tømmeret er øksa plant på begge sider i ein tjukkeleik på om lag tre tommar (7,5 cm). Breidda på stokkane varierer ein del, men er til dels ganske stor – opp mot 50 cm. Der rester av opphavlege novhovud er bevart og synleg, har dei avrunda sider, slik at dei har hatt ei svak ovalform. Med store dimensjonar og forseggjorte novhovud er tømmeret av same type som det ein finn i andre bergenshus som sikkert eller sannsynleg er datert til 1600-talet.

I veggene er det vindaugs- og dørøpningar frå fleire fasar, til dels overlappande og til dels lukka att igjen med liggande eller ståande plank. I veggene B, E og I er dørøpningar med beitskier på sidene og som difor kan vera opphavlege; den siste av desse øpningane er lukka med liggande plank. I vegg I er også ei brei øpning – eller to overlappande øpningar med litt ulik høgd – som er skore ut av laftet på eit seinare tidspunkt. Litt sør for midten av austgavlen er ei brei øpning frå golv til tak som er skore ut av laftet; her stod det ein port då bygningen vart riven. Nord for denne, i vegg F, er ei til stor øpning, som seinare er lukka igjen med plank. Både i aust- og nordveggen er nokolunde kvadratiske vindaugsøpningar, som kan ha fått si noverande form i ombygginga på 1950-talet. Dei overlappar delvis eldre vindaugsøpningar med litt anna form. I vestre del av sørveggen (vegg A) er eit særst breitt vindauge, som visast på ei fasadeteikning frå 1919. I sørveggen i det søraustre rommet er to store øpningar med ulik høgd og breidd, som begge er lukka med liggande plank.

Dei opphavlege romma viser spor etter ulik fargesetting. Nordvestre rom har umåla vegger, bortsett frå at den avkappa vestenden av vegg E er kvitmåla. Nordaustre rom har hatt kvitta vegger som må ha vore strimla i skøyten mellom stokkane; difor har tømmeret ei umåla stripe langs kantane. Ei gråaktig

sokkel eller høg fotlist er måla på dei to nedste omfara. Sørsida av vegg E er kvitmåla, men lengst oppe og ytst på kvar side er ei stripe der eit tidlegare raudt fargelag er synleg, tildels med restar av rankemåling. Også austveggen sør for portopninga er kvitta, medan ei raud stripe står attpå begge sider av opninga. Det søraustre rommet er det fargemessig mest samansette. Austveggen er raud på nedre del, medan øvre del på begge sider av vindaugets også har eit godt synleg mørkt fargelag. Sørveggen er for ein stor del umåla, med restar av kvitting – m.a. gjeld dette plankane som lukkar to store, tidlegare opningar. På denne veggen finst òg dei best bevarte partia med måla ranke- og draperidekor, som vert skildra for seg. Vestveggen har restar av raude og mørke fargelag, men under dei kan rankedekor av same type som på sørveggen skimtast. I ei smal stripe langs høgrest kant av veggen, der den må ha vore dekkja av ei list, er rankene fullt synlege. Rundt dørøpninga i veggen er måla ei tydeleg sinoberraud brei kant. Det sørvestre rommet er raudmåla. Beitskiene ved dørøpninga er umåla, medan overliggaren har restar av blomerankar.

Fleire stader på veggene er det bevart rester av måla dekor. Den måla dekoren i sjøbodane i Skuteviken og Sandviken vart registrert i 1950-åra, og ein fann då dekor også i Sandviksboder 3-4. Størstedelen av det som då vart registrert kan enno sjåast på det bevarte tømmeret. Inne i det søraustre rommet var det dekor på sør- og vestveggen (dvs. vegg C og B) og i taket, både på takbjelkar og -bord. Rommet har vore prega av ei samla fargesetting, med mange og sterke fargar. Taket vart seinare fjerna, men dei dekorerte veggene er bevart om lag slik dei stod i 1953. På høgrest side av vegg C, på nedre halvta rett under den mindre av dei atbolka opningane, er eit draperi, måla som om det er hengt opp i kvart av dei øvre hjørna og heng i tunge faldar. Draperiet er raudt med raudbrune og lys oker faldar, øvst er ei kant eller bord med mørke konturar på blågrå botn. Det boga feltet mellom toppen av draperiet og overkanten av laftestokken er fylt med eit rankeornament – eit såkalla maureskornament – i raudt på lys oker botn. Ein kunne venta at draperimønsteret var gjentekte med fleire felt bortetter veggen, men i så fall er spora stort sett fjerna av den store opninga i venstre del av veggen. På høgrest side er tømmeret intakt, men her er ikkje spor av måling, og det er uansett berre plass til eit halvt draperifelt før hjørnet.

På øvre del av den same veggen, over og moglegvis mellom dei to tidlegare opningane i veggen, er måla tett samankrølla akantusranker, med flika blad utan blomar – klassiske barokkranker i forenkla form. Fargane er oker, raudbrunt og lys blått. På venstre side stansar rankene mot ei loddrett line eit godt stykke frå hjørnet av rommet. Den same rankedekoren fortset rundt hjørnet av rommet, på vegg B, men her kan det sjå ut som han òg har dekkja nedre del av veggen.

Også på sørsida av vegg E var det i 1953 rankedekor av same karakter. Størstedelen av veggen er seinare måla kvit, slik at rankene no berre er synleg øvst oppe under taket.


Som nemnt er det òg dekor over døra i vegg B, på sida mot det sørvestre rommet. Blomerankane over døra i det sørvestre rommet er måla i raudt og grønt med tynne mørke konturar, og har ein annan karakter enn rankane elles.

Etter remonteringa i nybygget utgjer 1600-talsveggene rammene rundt eit moderne kontorlandskap. Golvet er lagt med eit lyst tregolv med breie bord. Golvborda er lagt aust-vest, slik også det opphavlege golvet må ha vore lagt. Ei høg fotlist av same type tre er krabba rundt alle tømmerveggene. Himlinga er ei moderne himling med kvite, kvadratiske plater i eit rammeverk av tynne lister, avslutta mot veggene av ei enkel holkilslist. I dei gamle dørøpningane er dører eller vegger av heile glasskiver, med tynne rammer av metall eller tre; det store rommet i vestre del av tømmerkjernen er òg delt opp med glasvegger. I ytterveggene mot nord og aust er vindaug som nokolunde korresponderer med vindaugsopningane i lafteveggene. Vindauga har to rammer med 2x4 småruter i kvar. Vindauga er kvite, det same er dei fint tilpassa utforingane mellom dei og lafteveggene. Framfor portopninga midt i austveggen er eit stort, udelt glasfelt.

Nokre av dei gamle laftestokkene frå det øvste omfaret fekk ikkje plass ved remonteringa, grunna takhøgda i nybygget. Desse vil verta montert på veggen andre stader i bygningen.

Sandviksboder 3-4. Bygningshistorie

Sandviksboder 3-4 vart riven i 2008-09. Bygningen framstod då som ein enkel, svært nøktern lagerbygning frå tidleg i etterkrigstida, ein panelt trebygning i to etasjar med lågt saltak. Nærare undersøkingar før rivinga viste likevel at nokre delar av sjøboden som tidlegare stod på tomta, var bevart. Arkivundersøkingar har sidan vist at 1950-talsbygningen var resultatet av ein sær s omfattande ombygging og fornying av sjøboden som stod her før.




Sandviksboder 3-4 i slutten av 1930-åra. Foto: Widerøe's Flyveselskap A/S, Universitetsbiblioteket i Bergen (utsnitt)


Laftetømmer i dei bevarte delane av Sandviksboder 3-4 er dendrokronologisk datert til 1649, men elles er ikkje noko kjent om den eldste historia til bygningen. Det kan ikkje utelukkast at den bevarte tømmerkjernen opphavleg har vore del av ein annan bygning, og seinare brukt opp att som overetasjen i eit naust. Det finst døme i Sandviken på at nausta er yngre enn sjøbodane som ligg utanfor. Dei eldste karta over Sandviken er ganske skissemessige, men indikerer at det på slutten av 1600-talet låg sjøbodar i området. Først rundt midten av 1700-talet let Sandviksboder 3-4 seg identifisera i skriftlege kjelder. Dei viser m.a. at han vart rekna som to separate sjøbodar med felles langvegg, og kvar halvdel hadde sin eigar. Om denne oppdelinga i to einingar med ulikt eigarskap er opphavleg, er uvisst. Fleire av eigarane høyrde til dei fremste handelsfamiliane i Bergen; i 1840-åra til dømes var bod 3 eigd av Johan Cordt Harmens og bod 4 av Mowinckel & Comp. Jens I. Nielsen, eigar av bod 4 sidan 1851, kjøpte i 1865 også bod 3, og sidan har dei hatt same eigar. Som mange andre sjøbodar, vart også denne rundt førre hundreårsskifte overtatt av andre typar verksemdar enn dei tradisjonelle kjøpmannsfirmaa. I 1910 vart boden kjøpt av firmaet Hansen, Hirsch & Co kulforretning, og truleg hadde dei eit kollager her. Seinare eigarar var m.a. ein maskinforretning og ein jern- og byggevarerhandlar. Til sist tente boden som lager for eit transportfirma.

Den eldste nokolunde grundige skildringa av bygningen er ein branntakst frå 1808. Den viser at bygningen eigentleg bestod av to delar: nærast sjøen ein sjøbod i to etasjar, 38 m lang og 9,8 m brei, delt på langs i dei to eigarlutene (bod nr. 3 mot sør, og nr. 4 mot nord). I tillegg hadde kvar halvdel ein «materialbygning», 9,5 m lang og 4,9 og 5,5 m brei. Dette må vera det som i andre kjelder er omtala som eit naust, som må ha lege inntil sjøboden ved kortenden inn mot land. Både plasseringa og måla stemmer heilt med dei bevarte lafteveggene. Den samla grunnflaten til sjøbodene og

materialbygningene/nausta svarar også heilt til boden slik ein ser han på kart frå 1819 og frametter – ein langstrakt bygning bygd ut i sjøen, plassert på tvers av strandlina, med landforbinding berre i aust. I ein seinare branntakst, frå 1846, vert det presisert at første etasje av nauset er bygd av standarverk, og andre etasje lafta.



Utsnitt av Aad Gjelles kart frå 1819, attgjeve i Harris:1991 (nord til venstre). Sandviksboder 3-4 nede til høgre i utsnittet.



2. etasje i 1948, før den siste store ombygginga. Den bevarte delen ligg over den raude pila. Aust til venstre. Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Fleire skøyter presiserer at dei to bodane hadde felles tak og laftekonstruksjon. Dei bevarte bygningsdelane tyder på dette også gjeld naustdelen. Dei eldste planteikningane er frå 1910 og viser at boden hadde svalgangar på begge langsidedene og lafta lagerrom på rekkje innanfor. Nausta har truleg ikkje hatt svalgang. I 1910 var alt nokre innvendige vegger fjerna, både i sjøboden og naustet, og den tidlegare planløysinga i naustet er ikkje heilt råd å rekonstruera. Men det kan sjå ut som første etasje var eit stort, ope rom, medan andre etasje var delt inn i fleire rom med lafta skiljevegger. I den nordlege delen var desse bevart i 1910, men delvis fjerna i den sørlege delen. Fleire planteikningar frå dei følgjande tiåra viser at ein i sjøboden etter kvart fjerna fleire innervegger og erstatta desse av stolper og dragarar, på same måte som i ei lang rekkje andre sjøbodar på same tid.

Rundt 1950 gjennomgjekk bygningen ein langt meir omfattande ombygging. Det meste av berekonstruksjonane vart heilt fornya med nye og meir regelmessig oppbygde stolpe- og dragarkonstruksjonar, boden vart refundamentert og jekka opp, og fekk nytt saltak med lågare takvinkel. Det som då stod att av gamle konstruksjonar, var lafteveggene i andre etasje i austenden – overetasjen av det tidlegare naustet – og heile den vestlegaste delen av den gamle boden. Det var planar for å fornya den vestre delen på same måte som resten, men dette vart aldri gjort. Denne delen vart riven på 1980-talet. I den bevarte austenden var det i 1953 to omtrent kvadratiske rom mot nord, eitt i nordausthjørnet og eitt rett vestafor, og i sørausthjørnet eit noko mindre rom. Ein gong etter 1953 vart endå meir av dei gamle konstruksjonane fjerna: vest- og sørveggen i det nordvestre rommet, og nordveggen i det søraustre rommet. Den sistnemnde var, ut frå spor i den bevarte bygningsdelen, ikkje lafta, og difor truleg ei seinare endring.

Kulturhistorisk kontekst: Sjøbodane i Sandviken

Historisk bakgrunn

Sjøbodane i Sandviken og andre stader i Bergen er nært knytt til byens rolle som handelssentrum. Gjennom det meste av Bergens historie har funksjonen som stapelhamn og knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket vore det økonomiske grunnlaget for byen. Tørrfisk og andre fiskevarer frå Nord-Noreg vart eksportert frå Bergen til byane ved Nordsjø- og Østersjøkysten, og korn, salt, tekstilar og kolonialvarer med meir vart importert. Etter at dei hanseatiske kjøpmennene på Bryggen i fleire hundre år hadde vore dominerande i denne handelsverksemda, vaks det på 1600-talet fram eit talrikt bergensk handelsborgarskap som også tok del i både utanriks- og nordlandshandel. Handelsverksemda førte til eit stort behov for lagringsplass, og sidan all varetransport gjekk sjøvegen, vart lagerbygningane bygde langs strandlina. Ved midten av 1600-talet var områda rundt Vågen meir eller mindre ferdig utbygde, og sjøhusa byrja då å ekspandera til Skuteviken og Sandviken. Ein føremon her var at bodane var meir skjerma mot brann enn i den tettbygde bykjernen.



Sandviken sett mot nord i 1860-åra. Den lyse gavlen over pila er austveggen i bod 3-4. Foto: Marcus Selmer, Universitetsbiblioteket i Bergen

Sandviken var i privat eige og låg utanfor byen administrativt sett. Eigar frå 1658 var Herman Garmann, og etterkomarane hans eigde Sandviken i over 200 år. Dei bygsla etter kvart ut tomter til sjøhus, reiparbaner, små bustadhus for sjøfolk og arbeidarar, og lyststader for borgarskapen. Slik vart Sandviken i praksis ein forstad til byen. Utviklinga av sjøbodbebyggelsen her er ikkje kjent i detalj, men hovudbiletet synast å vera ei ganske jamn utbygging frå midten av 1600-talet fram til slutten av 1800-talet. Omkring år 1900 var det rundt 200 sjøbodar i Sandviken og totalt om lag 800 i heile Bergen – på Bryggen og Strandsiden, ved Nøstet, i Skuteviken og i Sandviken. Dei låg som eit fem km langt nesten samanhengande band langs sjøkanten, berre avbrote der festningsverk eller steile klippar var i vegen.

Den tradisjonelle bruken av bodane, og handelsverksemda som denne hang saman med, haldt fram med få endringar til slutten av 1800-talet. Frå då av vart stadig fleire overtatt av andre næringar, i første rekkje handverkarar. Med dette følgde til dels også ny bruk, m.a. som verkstader, og ofte større innvendige ombyggingar. Rundt 1920 vart Sjøgaten opparbeida fram til Sandvikstorget, og mange av sjøbodane fekk no god tilkomst frå landsida. Det var først i den tidlege etterkrigstida at sjøbodmiljøet i Sandviken gjekk i oppløysing. Heile strandlina vart i 1946 regulert til industriføremål, og dei følgjande tiåra vart fleirtalet av sjøbodar rive og erstatta av nye lager- og næringsbygg. Ein del av desse husa fiskerelatert verksemd, men i etterkrigstida var Bergens del av den norske fiskeeksporten jamt minkande. Då tørrfisklagringa i Holmefjordboden vart avslutta i 1999, var det enden på ein lang avviklingsprosess. I dag der det bustadar, kontor og ulik kulturell verksemd som dominerer langs sjøfronten i Sandviken. Sidan 1970-åra har dei attverande gamle sjøbodane i aukande grad vore sett på som viktige kulturminne, og dei fleste har etterkvart fått eit formelt vern og ein ny bruk. I underkant av 30 sjøbodar står att i Sandviken, dvs. 15 % av bestanden ved inngangen til 1900-talet. Dei

tilsvarende tala for Bergen under eitt, Bryggen inkludert, er ca. 115 bevarte sjøbodar: mellom 1899 og ca. 1960 forsvann over 80 % som følgje av brannar, krigsskadar og sanering.

Sjøbodarkitekturen

Sjøbodane i Sandviken vart i det vesentlege bygd på same måte gjennom 200 år, frå dei eldste kjente frå midten av 1600-talet og fram til slutten av 1800-talet. Dei er av lafta tømmer i to eller tre etasjar og har i kvar etasje fleire nokolunde kvadratiske lagerrom lagt på rekkje, med dører til ei svalgang som går langs den eine langsida. Dermed har dei same hovudform som bygningane på Bryggen, der bygningstypen kan følgjast attende til mellomalderen. Mange bodar har i tillegg hatt eit eller eit par rom brukt som kontor eller «lystværelse» i ein av dei øvre etasjane. Bodane har bratte sal- eller valmtak tekt med raud tegl og er utvendig kledd med liggande panel. Varene vart tatt inn gjennom store portar i svalgangsveggene, plassert rett over kvarandre slik at dei dannar loddrette band. Over mange av portane er heiseinnretningar – vinder – plassert i utskytande arker.

Det finst variantar av grunnskjemaet med lagerrom og svalgangar, m.a. midtgang med rom på begge sider, eller to rekkjer rom «rygg mot rygg» og sval på begge langsidene. Nokre gonger skapte uvanlege tomteforhold ad hoc-løysingar. Byggjemønsteret er meir variert enn langs Vågen: i Sandviken ligg nokre bodar med langsida og andre med gavlen mot sjøen, og dei kan vera heilt frittliggande eller bygd inntil kvarandre på lang- eller kortsidene. Opphavleg låg nesten alle ute i sjøen, utan landforbinding. Dei fleste stod på bolverksfundament, bygd opp av mange lag rundtømmer lagt vekselvis på langs og på tvers; på 1800-talet gjekk ein i større grad over til å nytta steinfundament. Enno i slutten av 1800-talet vart det reist nye bodar av tre, men no av ein annan type: i stolpeverkskonstruksjon, og med innvendig beresystem av stolpar og dragarar i staden for laftevegger. Ein fekk med det store, opne rom. Frå same tid vart svært mange eldre bodar bygd om innvendig på same vis. Parallelt med dette fekk bodane også mange fleire vindauge i ytterveggene.

I tillegg til dei eigentlege lagerbodane, vart ein del av dei bygningane ein i dag reknar som sjøbodar før omtala som «naust». I kor stor grad bruken av nausta skilte seg frå lagerbodane, er usikkert. Nausta synst å ha vore ein meir ueinsarta bygningstype, i storleik og planform, men eit fellestrekk for mange ser ut til at dei berre har hatt eitt eller nokre få, store rom i kvar etasje, utan svalgangar. Det synast òg å vera eit hovudmønster at nausta låg innanfor lagerbodane, nærast land.

Mange av sjøbodane har vore innvendig dekorert med ranker eller landskapsbilete måla rett på tømmerveggene. Måla rankedekor er ein vidt utbreidd tradisjon i tid og rom, som spenner over både den felles europeiske kulturen og norsk folkekunst. I Bergen er det funne slik dekor i både sjøbodar, private bustadhus og offentlege bygningar frå 1600- og 1700-talet, og same type dekor har òg vore vanleg i kyrkjene. Liknande rankemaleri er også kjent i m.a. danske og nordtyske byar. I dei bergenske sjøbodane var det vanleg at kontor, lystrom og svalgangar var dekorerte. Marco Trebbi, som har skrive om emnet, peikar på at bevarte døme på rein, klassisk rankedekor av same type som i Sandviksboder 3-4 er sjeldne i Bergen, men kjent frå fleire herskapsanlegg rundt byen frå slutten av 1600-talet. På stilistisk grunnlag daterer han rankene i Sandviksboder 3-4 til perioden 1660-1700. Dei dekorerte romma her er plassert inn mot land, noko som er atypisk i sjøbodane.

Vurdering

Den bevarte delen av Sandviksboder 3-4 er dendrokronologisk datert til 1649 utmerkar seg med det gjennom ein sær s høg alder. Både av utforminga av laftetømmeret og stilpreget i delar av den måla dekoren peikar òg mot ei datering til før ca. 1700. Frå dei norske byane er det til no funne sær s få ståande trehus av tilsvarende eller høgare alder; i Bergen er berre eit par trehus i Nøstegaten fastslått til å vera endå eldre. Den bevarte bygningsdelen har stor alders- og sjeldsynsverdi og er difor også

bygningshistorisk verdifull. Den eldste historia til bygningen er ukjent, og det kan ikkje utelukkast at han opphavleg har stått på ein anna stad i byen med ein annan funksjon. Men seinast frå ca. år 1800 har den bevarte bygningsdelen utgjort overetasjen i eit naust eller materialhus. Dette var plassert i forlenginga av dei samanbygde Sandviksbodene 3 og 4. Denne plasseringa av naust innanfor sjøbodane kan att finnast fleire stader i Sandviken. Som ein rest av sjøbodbebyggelsen i Sandviken er bygningsdelen del av ein kulturhistorisk viktig heilskap: sjøbodane var både eit dominerande innslag i bybiletet og eit sentralt ledd i den økonomisk og historisk særskild viktige handelsverksemda. Den bevarte bygningsdelen har restar av måla dekor med ranke- og draperimotiv. Dekoren er fragmentarisk bevart, men isolert sett er dei bevarte partia i god stand. Måla dekor av same type har vore vanleg både i byhus og sjøbodar, men er i dag så skjeldan at alle bevarte restar må reknast som særskilde verdifulle. Ved å integrerast i nybygget på tomten, med ein plassering så nær opp til den opphavlege som råd var, er bygningsdelen sikra som kunnskapskjelde og historieforteljande element og samtidig gjeve ein ny bruksverdi.

Kjelder

Byggesaksarkivet, Bergen kommune: Saksmappe for Sandviksboder 3-4

Pantebøker og panteregister for Bergen og for Midhordland sorenskriveri, tilgjengeleg på

<http://arkivverket.no/Digitalarkivet>

Branntakstprotokollar for Bergen og for Årstad lensmannsdistrikt, Statsarkivet i Bergen

Harris, Christopher John: *Bergen i kart*, Bergen 1991

Haaland, Anders: «Sjøhusbyen Bergen, og Sandviksboder som del av denne», i *Fiskerihistorisk årbok 2003*, Bergen 2003

Trebbi, Marco: *Veggmalerier i sjøboder i Bergen : II : Den lukkede hage*, Bergen 2008

Fotodokumentasjon 2015



Eksteriør frå sørøst



Eksteriør frå nordøst



Eksteriør frå vest (i midten). Til v. Sandviksbodene 5 frå 1799, til h. Sandviken sjøfront frå 2014



Utsida av vegg G, i forgrunnen restar av nov for opphavleg tverrvegg mot vest



Nordvestre rom (vegg G til venstre og vegg I til høgre)

Vegg I (næ rast) og vegg B



Nord austre rom, vegg I





Nordastre rom, vegg H



Nordastre rom, vegg F



Nordastre rom, vegg E



Vegg I (til venstre) og vegg E



Vegg E, dørøpning sett fra sør. Til høyre snitt av laftet i portopninga i austgavlen



Portopninga i austgavlén. For å få betre lysinnslipp vart fire omfar på høgre side skyve eit stykke mot høgre ved remonteringa. Fargesettinga på tømmeret gjer at denne justeringa er lett leseleg.



Søraustre rom, vegg D



Søraustre rom, vegg C



Søraustre rom, vegg B



Sørvestre rom, vegg B (til venstre) og vegg A



Sørvestre rom, vegg A

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no